



Kjell Erik Hopland
Bernhard Meyers vei 4
5018 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1052 - 17/9871

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

15.05.2017

Godkjenning - oppføring av tilbygg til hytte på Refskar, gbnr 38/42.

Administrativt vedtak. Saknr: 134/2017

Tiltakshavar: Kjell-Erik Hopland

Tiltak: Søknad om tiltak etter plan og bygningslova (pb l) § 20- 4 , jf § 20- 1 .

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20- 4, motteke 27.04.2017 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av tilbygg til hytte på Refskar, gbnr 38/42.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen har i kommuneplanen sin arealdel status som LNF spreidd fritidsbustad og ligg i 100 meters beltet mot sjø. Eigedomen er bebygd med hytte, anneks og naust.

BYA for omsøkt tilbygg utgjør 25 m².

I føresegnene til kommuneplanen sin arealdel heiter det at på *uregulert bygd fritidseigedom gjeld ikkje byggegrensar mot sjø for tilbygg/påbygg med bruksareal (BRA) inntil 30 m² til eksisterande fritidsbustad, og at tiltak ikkje kan plasserast nærare sjø enn eksisterande bygningar.*

Då annekset på eigedomen ligg nærare sjø enn omsøkt tiltak har administrasjonen vurdert at omsøkt tiltak er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og krev ikkje dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona.

Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla 03.03.2017, i samsvar med pbl § 21- 3 . Det er ikkje motteke merknader frå varsla part. Tiltaket vert etter dette rekna som tilstrekkeleg varsla, jf. pbl § 21 - 3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf vedlagt situasjonsplan motteke 27.04.2017. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29 - 4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Parkeringsareal og utandørs opphaldsareal er i samsvar med retningslinjer i kommuneplanen sin arealdel.

Planløysing og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløysing og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29- 1 .

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av av pbl § 20-4 løyve til oppføring av tilbygg til hytte med eit samla BYA på 25 m2 i samsvar med søknad og teikningar motteke 27.04.2017, på gbnr 38/23 – Refskar.

Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på vedlagt situasjonsplan og plan-, snitt og fasadeteikningar motteke 27.04.2017, godkjend 15.05.2017..

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjort unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyvet er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
38-42

Mottakere:

Kjell Erik Hopland

Bernhard Meyers 5018
vei 4

BERGEN